



Notat

Dato: 25.10.2018

Arkivsak: 2015/1434-697

Saksbehandlar: Ole Inge Gjerald, Lisa Marie Hillestad Ålsberg, Astrid Lernes

Til: Fellesnemnda-AU

Frå: Prosjektleiar Rune Haugsdal

Reglement for arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune

1. Føresetnader og behov for tydeleg rolleavklaring

Prosjektleiar fekk ei rekke tilbakemeldingar, synspunkt og innspel frå fellesnemnda sitt arbeidsutval (FNAU) i møtet den 18.10.18 på det framlagde forslaget til godtgjersle til dei folkevalde. Prosjektleiar meiner det vidare arbeidet med reglement for arbeidsvilkår for folkevalde har behov for å få ei førebels avklaring knytt til følgjande grunnleggjande spørsmål:

1.1 Representasjonsperspektivet: Kva er føremonane og ulempene ved å etablere representasjon frå hovudutvala til fylkesutvalet?

Prosjektleiar ser føre seg tre moglege modellar:

- a) Ikkje gjennomgåande representasjon: hovudutvalsmedlemene sit ikkje i fylkesutvalet.
- b) Gjennomgåande representasjon (I): Eitt eller fleire medlemer frå dei enkelte hovudutvala sit i fylkesutvalet, men ikkje hovudutvalsleiarane.
- c) Gjennomgåande representasjon (II): Dei fire hovudutvalsleiarane sit i fylkesutvalet.

I prosjektleiar sitt saksutkast til FNAU den 18.10.18 var det lagt opp til gjennomgåande representasjon i tråd med alternativ b). Bakgrunnen for dette var vedtaket i fellesnemnda i sak nr. 22/18 der det heiter:

«Fellesnemnda vedtek følgjande struktur for faste utval, der det nye fylkestinget sine 65 medlemmer – med unntak av fylkesordførar, fylkesvaraordførar og kontrollutvalet sine medlemmer – kan fordelast på hovudutvala:

- a) *Hovudutval for infrastruktur og mobilitet*
- b) *Hovudutval for opplæring og kompetanse*
- c) *Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon*
- d) *Hovudutval for kultur, idrett og integrering».*

Prosjektleiar føresette då at minst tre faste medlemer i fylkestinget vert valde til å sitje i kontrollutvalet. For å ha eit berekningsgrunnlag la prosjektleiar til grunn at dei resterande 60 medlemene i fylkestinget vert fordelt på fire hovudutval; 15 medlem per utval.

Prosjektleiar ønskjer at FNAU drøftar dette spørsmålet, og gjev sine innspel til det vidare arbeidet. Under følgjer to døme på kva Trøndelag fylkeskommune og Agder fylkeskommune har lagt til grunn:

Trøndelag fylkeskommune har no eit midlertidig reglement som skal sikre dei allereie folkevalde representantane i inneverande valperiode ei økonomisk godtgjersle fram til det nye fylkestinget vert konstituert hausten 2019. I Trøndelag fylkeskommune er det eit bevisst val at hovudutvalsleiar har godtgjersle tilsvarende 40 % stilling. Vidare har FU-medlem godtgjersle tilsvarende 60 % stilling. Trøndelag fylkeskommune har ein modell der alle hovudutvalsleiarane sit i FU. Dermed er alle hovudutvalsleiarane i praksis frikjøpte i 100 % stilling.

Agder fylkeskommune legg også til grunn ein formannskaps- og hovudutvalsmodell. Modellen deira legg til rette for at alle fylkestinget sine medlemar skal vere medlem av enten fylkesutvalet eller eitt av hovudutvala, med unntak av medlemane i kontrollutvalet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Fylkestinget sine medlemer skal ha klart definerte roller og vere medlem av eit kollegium i tillegg til fylkestinget. Medlemer i fylkesutvalet skal såleis ikkje samtidig vere medlem i hovudutvala.

1.2 Arbeidsbelastnings- og myndeperspektivet: Kva ligg til dei ulike rollene, og korleis «vektar» vi ulike politiske roller og funksjonar?

Prosjektleiar legg her særleg vekt på følgjande funksjonar/roller:

- Kontrollutvalsleiar
- Fylkesutvalsmedlem
- Hovudutvalsleiar
- Gruppeleiar for partigruppe i fylkestinget
- Nestleiarar for kontrollutvalet og hovudutvala

Prosjektleiar legg til grunn at dette punktet må sjåast i samanheng med punkt 1.1. I saksutkastet som vart lagt fram for FNAU 18.10.18 vart det t.d. lagt til grunn at hovudutvalsleiar skal vere frikjøpt i 100 %, utan å vere medlem i fylkesutvalet. I prosjektleiar sitt nemnde saksutkast var det ikkje teke høgde for frikjøp for nestleiarar for kontrollutvalet og hovudutvala.

Det samla biletet av arbeidsoppgåver, ansvar og myndefordeling for dei ulike rollene vil bli endeleg avklara i samband vedteke delegeringsreglement for dei fylkespolitiske organa, 1. kvartal 2019. Det kan bli behov for å justere godtgarslenivået for ulike roller i samsvar med vedteke delegeringsreglement.

1.3 Tal medlemer i ulike politiske organ

Prosjektleiar har lagt til grunn følgjande fordeling av medlemer i politiske organ i forslaget til godtgarsle:

- Fylkestinget har 65 medlemer.
- Kontrollutvalet har 7 medlemer, der tre er valde frå fylkestinget (inkl. leiar).
- Fylkesutvalet har 19 medlemer.
- Hovudutvala har 15 medlemer per utval, jf. presisering i pkt. 1.1.

Prosjektleiar vil gjere merksam på at tal medlemer i hovudutvala er avhengig av kva val som vert gjort i høve gjennomgåande representasjon, jf. pkt. 1.1. Hovudutvala vil kunne ha 15 medlemer ved full gjennomgåande representasjon, men vil t.d. ha 9 medlemer per utval dersom vi har eit fylkesutval på 15 medlemer som ikkje hentar medlemer frå hovudutvala. Fylkesutvalet kan ha t.d. 15, 17 eller 19 medlemer.

Jf. kommunelova skal det vere min. 5 medlemer i fylkesutvalet. Tal medlemer i dei ulike organa gjev utslag i samla nivå på godtgjersla.

1.4 Korleis sikrar vi gode arbeidsvilkår for «opposisjonsgrupper»?

Prosjektleiar ser i utgangspunktet føre seg at opposisjonsgruppene sine arbeidsvilkår vert ivaretakne gjennom følgjande to hovudretningar:

- Fordeling av sentrale «posisjonsroller», som t.d. hovudutvalsleiar, som gjenspeglar politisk representasjon i fylkestinget: Formannskapsmodellen inneber at det er rom for ei breiare politisk fordeling av «posisjonsroller», t.d. rollene som hovudutvalsleiarar, enn det ein parlamentarisk styringsmodell legg opp til. I Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein i inneverande valperiode ei fordeling av hovudutvalsleiarverva, der «opposisjonsleiar» også er leiar av eit hovudutval.
- Eiga tilskotsordning til opposisjonsgrupper: Sjølv om formannskapsmodellen ligg til grunn, har ein i dag ei eiga tilskotsordning for opposisjonsgrupper i Hordaland fylkeskommune.

Prosjektleiar meiner valresultat og faktisk fordeling av «posisjonsroller» vil gje eit endeleg grunnlag for å vurdere eit ev. opposisjonstilskot nærmare. Prosjektleiar legg også vekt på at tilskotet til partigruppene, og der i gjennom gruppeleiarane, samt frikjøpsordninga, er godtgjersler som også medverkar til å styrke opposisjonsgruppene.

2. Momentliste med problemstillingar reiste i fellesnemnda sitt arbeidsutval 18.10.18

Prosjektleiar fekk på møte i FN-AU, 18.10.18, i oppdrag å utarbeide ei momentliste som summerer opp problemstillingane som var framme i arbeidsutvalet sitt møte. Nokre av desse punkta overlappar punkta som no er framheva særleg i kap. 1 ovanfor.

Følgjande punkt vart diskutert/nemnt i møtet den 18.10.18:

- a) Legg vi inn ansvar og arbeidsbyrde i rolla som leiar for hovudutvala som tilseier at vi bør frikjøpe desse leiarane i full stilling?
- b) Bør leiar i kontrollutvalet ha meir enn 50% stilling, og i kva grad bør denne rolla vurderast likt som hovudutvalsleiar?
- c) Korleis skal vi berekne reglementet med tanke på dei nye geografiske avstandane og behovet for reiseverksemd?
- d) Korleis vurderer vi ansvars- og arbeidsbyrdefordelinga mellom eit fylkesutvalsmedlem, gruppeleiar og ein hovudutvalsleiar (ev. kontrollutvalsleiar)? Og korleis bør desse vektast i prosentvis godtgjersle utifra fylkesvaraordførar?
- e) Korleis sikrar vi ei rettferdig pensjonsordning?
- f) Kva gjer vi i forhold til løn ved sjukefråvære?
- g) Kva krav skal vi stille til dokumentasjon ved forfall? Bør vi skrive tydeleg at dokumentert sjukefråvære tel som gyldig fråvær?
- h) Korleis løyser vi tilrettelegging for hybel?
- i) Tek modellen vi legg opp til høgde for ulik belastning i ulike utval (reisedagar m.m.)?
- j) Er vi realistiske i dei førebelse berekningane med tanke på tal møtedagar i hovudutvala, fylkesutvalet, fylkestinget og kontrollutvalet m.m.?
- k) Har det noko å seie for utbetaling av feriepengar om den enkelte politikar får «løn» eller «godtgjersle»?

2.2 Merknader frå prosjektleiar

I samband med pkt. j) ovanfor:

Prosjektleiar la i saksutkastet til FNAU 18.10.18 opp til følgjande tal møtedagar i ulike politiske organ:

- Fylkestinget har 8 møtedagar, fordelt på fire fylkesting.
- Fylkesutvalet har 16 møtedagar.
- Hovudutvala og kontrollutvalet har 12 møtedagar.

I samband med pkt. k) ovanfor:

Prosjektleiar å presisere følgjande om omgrepa «godtgjering» og «løn»: Utbetalinger til folkevalde er godtgjeringar, medan løn er betaling til tilsette for utført arbeid. Løn utbetalast i samsvar med avtale som er inngått mellom arbeidsgivar og arbeidstakar. Alle som har eit kommunalt tillitsverv, har, jf. kommunelova §42, krav på godtgjering som folkevald etter nærmare reglar fastsett av fylkestinget sjølv. Mynde til å fastsette denne godtgjersla kan altså ikkje delegerast.

Arbeidstakarar som får løn, har rett til feriepengar. Folkevalde som får godtgjering, er ikkje arbeidstakarar og har ikkje rett til feriepengar. Det inneberer at ordførarar og andre i frikjøpte ombod som får godtgjersle, får års godtgjersle fordelt som 12 like månadsgodtgjersler. Skal folkevalde ha feriepeng på lik linje med arbeidstakarar, må fylkestinget fatte særskilt vedtak om dette.

Vedlegg:

- Reglement for Trøndelag fylkeskommune, til revidering i 2019.
- Reglement for Agder fylkeskommune.
- Reglement for Bergen kommune.